

# Blessom



**Gnr. 23 og 24**

Av Knut Raastad, april 2025



*Blessomgardane. Foto frå Magnhild Holø.*

# Gnr. 23 (Blessom sygard)



*Sygard Blessom. Foto frå Magnhild Holø.*

## Blessom sygard

Blessom hørde med til det godset som Hannibal Sehestad hadde fått tak i medan han var statthaldar i Norge, og som han gav til kongen fyrst i 1650-åra.

Koppskatten 1645 nemner Erich Blessomb.

Manntalet 1666 viser at sygard Blessom 5 huder vart brukt av presten Fredrik Nilsen Glostrup. Dette går også fram av matrikkelen 1668, eigar var da Gabriel Marcellius.

Tingboka i 1673 viser at Blessom var eigd av kongen, men pantsett til Marcellius arvingar. Gulbrand Hansen var da brukar.

I 1674 var det skifte etter Jon Gulbrandsen som da var daud. Han var gift med Marit Johannesdotter, dei hadde 4 barn:

Gulbrand, neste brukar  
Johannes  
Sirri  
Randi

Skifte i 1706 viser at Gulbrand Jonsen var gift med Kirsti Pedersdotter, dei hadde 4 barn:

Jon, neste brukar  
Peder  
Einar  
Rønnog

Skoskatten 1711 nemnde Jon Blessum med kvinne og to barn. Jon overtok Blessom frå foreldra i 1706 sjølv om han da var umyndig. Matrikkelutkastet 1723 viser at Blessum 5 huder da var eigd og brukt av Jon Gulbrandsen. Jon var gift med Marit Iversdotter som det var skifte etter i 1722, dei hadde 3 barn:

Johannes f.ca.1708  
Iver f.ca.1709 d.1762, neste brukar  
Kirsti f.ca.1713

Iver Jonsen overtok Blessom frå faren i 1734, kontrakt i 1736 viser at han da var skuldig 850 rd. for dette. Iver fekk i 1737 skjøte for 60 rd. frå broren Johannes på 1 hud i Blessom som han hadde arva etter mora. Iver Jonsen fekk i 1742 skjøte frå kongen på innløyingsretten til 5 huder i sygard Blessom for 50 rd. I 1763 var det skifte etter Iver Jonsen som da var død. Han var gift med Marit Andersdotter Sunde f.ca.1726 d.1818 dotter til Anders Jakobsen Øy Sunde f.ca.1688 d.1777 og Torø Larsdtr. Øy nedre u. Iver og Marit hadde 4 barn:

Jon f.1747, neste brukar  
Johannes  
Anders 1751-1833, g.m. Kari Tordsdtr. Harildstad 1766-1862, til Sve  
Marit

Marit Andersdotter vart gift på nytt med Poul Knutsen Øy nedre nig. 1729-1812 son til Knut Pålsen Tolstad 1697-1760 og Rønnaug Iversdtr. Øy f.1706. Marit og Pål hadde 3 barn:

Knut 1764-1766  
Iver 1765-1846, ugift  
Knut 1768-1798, g.m. Marit Stenersdtr. Sulheim n. 1777-1852

Etter skifte i 1763 fekk Marit Andersdotter 2 ½ hud i Blessom og barna John, Johannes, Anders og Marit 2 ½ hud. I 1770 vart halvparten som syskja eigde overskjøta til broren Jon Iversen og kona, salssummen var 600 rd. I 1775 overtok Jon Iversen den andre halvdelan frå stefaren Poul Knudsen for 600 rd., han skulle også betale rente for tre år han hadde brukt garden. Skjøte vart skrivi i 1777, da budde Poul Knudsen på Glømsdal. Pål Knutsen kjøpte Øy i 1778, men makeskifta denne garden mot Glimsdal og flytta dit. I 1779 lånte Johannes

Iversen Blessum 1380 rd. av morbroren Johannes Andersen Sunde, han pantsette da Glimsdal i Lom skyld 1 ½ hud som han da overtok frå stefaren.

Jon Iversen var gift med Rønnoug Syversdotter Sve f.1750, dei hadde 3 barn:

Iver 1770-1823, g.m. Ingri Tordsdr. Faukstad 1777-1857

Syver 1772-1827, neste brukar

Jon f.1781, g.m. Kari Iversdr.

Syver Jonsen fekk i 1810 skjøte på Blessom 5 huder frå mora og brørne for 3500 rd. Syver var gift med Ragnhild Andersdotter Fellese Raastad s. 1791-1869. Dei hadde 4 barn:

John 1819-1893, neste brukar

Anders 1822-1863, ugift

Rønnaug 1824-1906, g.m. Anders Hansen Formo 1810-1906

Kari 1827-1835

John Syversen Blessum var gift med Thora Ivarsdotter Kleppe n. 1820-1907 dotter til Ivar Tordsen Kleppe n. 1786-1866 og Anne Rolvsdr. Blakar 1792-1845. John og Thora hadde 1 barn:

Ole 1846-1913, neste brukar

Ole Johnsen vart 1874 gift med Caroline Hansdotter Valle Fellese 1845-1902 dotter til Hans Olsen Valle 1808-1880 og Kari Olsdr. Fellese 1810-1886. Ole og Caroline hadde 2 barn:

John 1876-1950, ugift

Karen 1877-1920, g.m./skilt skogforvalter Simen Andersen Wolrath 1877-1939

Ole Johnsen som var banksjef selde i 1898 Blessum til o.r.sakfører Krogh for kr 14000. Jens Christian Krogh 1848-1905 var son til Gabriel Hofgaard Krogh 1805-1871 og Maren Dorothea Berle 1818-1865. Jens Christian vart 1876 gift med Imbiør Eriksdotter Kvarberg u. 1855-1919 dotter til Erik Øysteinsen Kvarberg u. 1801-1889 og Ragnhild Johannesdr. Einarsvoll 1827-1903. Familien budde i 1900 på Blessom, men Jens Christian var utnemnd til byfogd i Larvik med start i januar 1901. I 1910 var det enkja Imbiør som var gardbrukar, den ugifte dottera Sophie budde da heime. Jens Christian og Imbiør hadde 4 barn:

Christian Gabriel 1877-1878

Christian Gabriel f.1880, til USA

Ragnhild f.1882 d.ca.1945, g.m. Sverre Tuxen Langballe Hartman 1876-1918, til USA

Sophie Dorothea 1884-1963, neste brukar

Sophie overtok etter mora med kjøpekontrakt i 1911 for kr 19700 inkl. lausøyre kr 8000, kontrakta vart tinglyst i 1924. Ektepakt om at garden skulle vera hennar særeige vart tinglyst i 1912 og føderådskontrakt i 1915. Sophie var gift med. o.r.sakfører Halvdan Gude Furu 1882-1961, dei hadde 2 barn:

Jens Olaf Furu 1913-1978, g.m./skilt Solveig Øistese f.1911

Ingrid 1913-1967, g.m. Torgeir Thorgeirsen Garmo 1910-1988.

I 1925 var det kjøpekontrakt og skjøte frå Sophie Gude Furu til bankkasserar T. O Lunn for kr 72700 inkl. lausøyre kr 7700. Thorstein Olsen Lunn, Lom 1877-1956 vart 1911 gift med Mari Nilsdotter Valde s. 1881-1971 dotter til Nils Andersen Strand n. 1836-1913 og Eldri Ivarsdr. Valde 1841-1911. Thorstein og Mari hadde 4 barn:

Olav f.1912, neste brukar

Eldri f.1915, g.m. Einar Melby 1913-1981

Tora f.1918, ugift

Margit f.1920, g.m. Per Ingvaldsen Kleiven 1921-1994

Olav overtok etter foreldra i 1955. Han var gift med Ingrid Haugen, Lom f.1923 dotter til Per Haugen og Anne Valbjørsløkken. Olav og Ingrid hadde 1 barn:

Torstein f.1951, neste brukar

Torstein overtok etter foreldra i 1975.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slektene på Kleppe, Kvarberg u., Tolstad, Einarsvoll, Valde s.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

## Blessomjordet

**Bergheim** gnr. 23 bnr. 5 vart frådelt frå sygard Blessom i 1934 med skjøte frå T. O Lunn til Ola H Resvold. Bergheim gnr. 23 br. 9 vart i 1939 vart i 1939 frådelt frå gnr. 23 bnr. 7 med skjøte frå Trygve Svare til Ola H Resvold. I 1956 var det skjøte til dottera Astrid Oddveig Bakken f.1949. Dette er Skogbygdsvegen 4.

**Solberg** gnr. 23 bnr. 7 Skogbygdsvegen 6 vart frådelt frå Blessom i 1939 med skjøte frå T O Lunn til Trygve T Svare. I 1977 var det skjøte til dottera Klara Bjørklund f.1939. I 1977 var det skjøte til Marit Julie f.1937 og Jakob E Sagsletten f.1924.

**Finnbu** gnr. 23 bnr. 22 Kvernvegen 1 vart frådelt frå Solberg gnr. 23 bnr. 7 i 1971 med skjøte i 1972 til dottera Klara Bjørklund f.1939 og Harald Bjørklund f.1932.

**Finnberg** gnr. 23 bnr. 6 Skogbygdsvegen 8 vart frådelt frå sygard Blessom i 1939 med skjøte frå T O Lunn til Ole H Resvold. I 1959 var det skjøte til Olav Resvold f.1931.

**Finnberg II** gnr. 23 bnr. 12 Kvernvegen 3 vart frådelt frå sygard Blessom i 1946 med skjøte frå T O Lunn til Ole H Resvold f.1892. I 1959 var det skjøte til Olav Resvold f.1931. Huset her er bygd i seinare år.

**Finbakken** gnr. 23 bnr. 11 Skogbygdsvegen 10 vart frådelt frå sygard Blessom i 1944 med skjøte i 1947 frå T O Lunn til Kristian A Lie. I 1951 var det skjøte til Jens Kjølén. I 1965 var det skjøte til Sølvest Frisvold f.1895. I 1981 var det skjøte til Ola O Hovde f.1949.

**Brattbakken** gnr. 23 bnr. 14 Kvernvegen 5 vart frådelt frå sygard Blessom i 1949 med skjøte i 1950 frå T O Lunn til Jacob Brekken f.1915.

**Nybakken** gnr. 23 bnr. 17 Skogbygdsvegen 12 vart i 1950 frådelt frå gnr. 23 bnr. 14 med skjøte frå Jacob Brekken til Otto Hovde. Huset er nå rive.

**Ro** gnr. 23 bnr. 15 Kvernvegen 7 vart frådelt frå sygard Blessom i 1949 med skjøte i 1950 frå T O Lunn til Anton Ryen d.1968. Enkja Gudrun Ryen f.1906 overtok ved uskifte i 1968. I 1973 var det skjøte til sonen Sigmund Ryen f.1935. I 1988 var det skjøte til Erling Gjøl f.1953 og Eli Mangseth Gjøl f.1950.

**Finnro** gnr. 23 bnr. 20 Kvernvegen 11 vart frådelt frå sygard Blessom i 1969 med skjøte frå Olav Lunn til Åge Høistad.

**Elvely** gnr. 23 bnr. 13 Kvernvegen 13 vart frådelt frå sygard Blessom i 1947 med skjøte frå T O Lunn til Hans Høistad f.1912. I 1961 var det skjøte til Iver Hjellum f.1897, Olav Hjellum f.1905 og Anton Hjellum f.1910. Iver og Anton fekk i 1979 skjøte også på Olavs del.

**Skansen** gnr. 23 bnr. 18 Skogbygdsvegen 3 C vart frådelt frå sygard Blessom i 1954 med skjøte frå T O Lunn til Einar Melby d.1981. Eldri Melby overtok ved uskifte i 1981.

**Skogbygdsvegen 3 A** gnr. 23 bnr. 32 er eit nyare hus.

**Bergeåkeren** gnr. 23 bnr. 8 Skogbygdsvegen 19 vart frådelt frå sygard Blessom i 1939 med skjøte frå T O Lunn til Ivar Valde d.1985. Ymbjørg Valde overtok hjemmelen ved uskifte i 1985.

**Knausen** gnr. 23 bnr. 10 Skogbygdsvegen 21 vart frådelt frå sygard Blessom i 1940 med skjøte frå T O Lunn til Sophie Gude Furu. I 1968 var det hjemmelsovergang til Ingrid Garmo og Olaf Gude Furu, og skjøte på Ingrid Garmos del til Olaf Gude Furu. Ragnhild Ellenbacher f.1942 overtok i 1978. I 1981 var det skjøte til Jan Båtnes f.1937.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

## Sæta øvre

Øvre Sæta, nedre Sæta og Sætaflaten var husmannsbruk under sygard Blessom. I åra 1777 til 1781 vart det nemnd husmenn under sygard i liste over husmannspangar til kyrkja, desse var truleg på øvre og nedre Sæta. Jakob Gundersen er nemnd i 1777 og 1778, Hans Hansen i 1777 og 1780, Johanes Iversen i 1778, Ole Eriksen i 1780 og 1781, Hans Knuten i 1781, medan enkja Synne Sæta er nemnd i 1778.

Ole Syversen f.ca. 1753 d.1823 var i 1801 husmann med jord. Han vart også nemnd i liste over husmannspenger i 1805. Ole Syversen Dahle vart 1784 gift med Eli Axelsdotter f.ca.1758. Eli var dotter til Axel Lien (Rusnes?) og Else Johnsdr. f.ca 1722, i 1801 var Else enkje og budde saman med Ole og Eli. Ole og Elie hadde i 1801 1 pleiebarn:

Anne Axelsdotter f.1793, neste brukar

Anne Axelsdotter 1793-1859 var dotter til Axel Axelsen f.1763 og Guri Hansdr. Anne var gift med Jakob Jonsen 1762-1854 frå Jønndalen, Dovre. Jakob og Anne vart nemnd som husmannsfolk på Blessumeie / Sæta i 1827 og 1832, i 1825 var dei inderstar. Jakob og Anne hadde 5 barn:

Ole f.1818

Ole f.1825

Ragnhild 1827-1827

Ragnhild 1827-1904, til Jønndalsstugu

Iver f.1832, g.m. Tore Hansdr. f.1825, til Jønndalsstugu og Bodø

Jakob hadde tidlegare 1 barn med Anne Christensdotter:

Else f.1812, til Jønndalsstugu

I Norske gardsbruk står det at garden har vore i ætta frå omkring 1750, men samanhengen her er uklår.

Hans Olsen Trælviken f.ca.1799 d.1864 var son til Ole Rolvsen Trælviken 1761-1803 og Bolette Ingebretsdtr. f.ca.1778 d.1803. Hans vart 1826 gift med Anne Johnsdotter Fellelsekken 1804-1896. Anne Johnsdotter var i 1865 og 1875 husmann med jord på øvre Sæta. Hans og Anne hadde 1 barn:

Gunhild 1826-1890, neste familie

Gunhild vart 1857 gift med enkjemann Jacob Olsen Jeilen f.ca.1790 d.1859 son til Ole Olsen Gaarden. Gunhild og Jacob budde i 1859 på Jeilen i Skårvangen der han var føderådsmann. Jacob hadde i førre ekteskapet 5 barn: Ole Gjeilen, Ole Horten, Nils Ødegården, Jacob Rottenseie og Anne Råstadplassen. Gunhild og Jacob hadde 2 barn:

Ole f.1856

Jacob f.1859, neste brukar

Gunhild hadde før ekteskapet 1 barn:

Hans Jacobsen f.1847, faren var Jacob Olsen Blessomeie (Semon-Sæta)

Jacob f.1859 var i 1900 husmann med jord. Jacob var gift med Imbjør H Øyhusom f.ca.1855. Øvre Sæta gnr. 23 bnr. 3 vart 1925 frådelt frå sygard Blessom med skjøte til Jacob Sæta d.e. frå Sophie Gude Furu for kr 2700. Jacob og Imbjør hadde 5 barn:

Jacob f.1885, neste brukar

Hans f.1889

Gunhild 1892-1923, g.m. Ola O Brekken 1884-1949

Ragnhild f.1895

Anne f.1897

I 1937 var det auksjonsskjøte til Jakob og Ragnhild Sæta for kr 2600.

Jakob Brekken overtok etter morbroren i 1964. Jakob 1915-1997 var son til Ola O Brekken 1884-1949 og Gunhild Sæta 1892-1923. Jakob vart 1947 gift med Emma Uppheim f.1924 dotter til Knut Uppheim f.1879 og Liv Vangen f.1887. Jakob og Emma hadde 3 barn:

Gunhild f.1948, neste eigar

Liv f.1949, g.m. Olaf Haugen

Oddveig f.1953

Gunhild vart 1969 gift med Ingar Aaboen, Skjåk f.1945 son til Ingvald Aaboen f.1921 og Emma Langleite f.1922. Gunhild og Ingar overtok Sæta i 1983, dei har 2 barn:

Rita f.1970

Linda f.1974

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

## Sæta nedre

I følgje Norske gardsbruk har garden vore i ætta frå 1786.

Ole Thoresen 1749-1835 var frå Siem son til Tore Olsen Sandbu Siem og Ingeleiv Iversdtr. Siem. Ole vart 1782 gift med Ane Simensdotter f.ca.1751 f.1789. Anne vart kalla Sæta ved skifte i 1789. Ole var med i liste over husmannspenger i 1805. Ole og Anne hadde 1 barn:

Tore f.ca.1783

Ole 1749 -1835 vart 1791 gift på nytt med Synnev Johansdotter 1758-1827. Ole og Synnev hadde 4 barn:

Iver f.1792

Anne f.ca.1791

Johannes f.1796, neste brukar

Kari f.1799



Johannes Olsen Sæta 1796-1885 var i 1865 og 1875 føderådsmann på nedre Sæta. I 1832-1833 vart han nemnd i liste over husmannspengar til kyrkja. Johannes vart 1820 gift med Anne Jonsdotter Snerleie Snerlehaugen 1796-1854 dotter til Else Hermannsdr. Snerlehaugen 1764-1850 og Jon Andersen Ulen 1766-1848. Før 1825 var Johannes og Anne på Runningen. Johannes og Anne hadde 6 barn:

Ole f.1820, neste brukar

Arne f.1824, g.m. Marit Einarsdr. Steinen f.1828. Til Nuggestugu. Til Amerika 1868.

Guri f.1826, g.m. Mads Bjerregaard Lundh f.1815. Guri flytta som enkje til Oslo i 1856.

Else 1828-1828

Else f.1831

Iver f.1834

Ole Johannesen Blesumeie 1821-1882 var i 1865 og 1875 husmann på Sæta. Ole vart 1844 gift med Marit Johnsdotter Gaardseie Gardshaugen 1822-1878 dotter til John Olsen Gaardseie f.1784 og Marit Syversdr. Øyseie. Ole og Marit hadde 4 barn:

Anne 1844-1886, ugift

Johannes 1848-1913, neste brukar

John 1851-1943, til Målselv 1872

Marit f.1863, til Amerika 1880

Johannes var i 1900 husmann med jord. Johannes vart 1874 gift med Brit Thorsdotter Myrum 1851-1922 dotter til Thor Jacobsen Myrum. Johannes og Brit hadde 7 barn:

Ole f.1874, hadde barna Mari f.1893 og Pauline f.1893 med Gunhild Olsdr. Vassdokken f.1864. Ole til Amerika 1893.

Anne f.1877

Thor f.1880

Iver f.1883

Arne 1886-1965, g.m. Tora I Vangen, Sel 1881-1971. Til Vangen.

Hans 1889-1889

Mathias 1891-1976, neste brukar

Mathias overtok etter mora i 1922. Nedre Sæta gnr. 23 bnr. 4 vart 1933 frådelt frå sygard Blessom gnr. 23 bnr. 1 med skjøte frå T. O. Lunn og hustru Mari Lunn til Mathias Sæta for kr 1500. Mathias vart 1916 gift med Karen Olsdotter Skjellum 1896-1976, dei hadde 6 barn:

Barbro f.1917

Ola f.1918, g.m. Borghild Ourum, Tretten f.1921. Til Ourum.

Ivar f.1921

Mari f.1926

Jenny f.1928

Jon f.1931

Reidar Johannessen kjøpte Sæta i 1975. Reidar Johannessen, Madla f.1941 er son til Willy Johannessen f.1916 og Astrid Kristensen f.1912. Reidar vart 1966 gift med Elsa Holtebu,

Oslo f.1942 dotter til Per Anfinn Holtebu f.1918 og Anne Lise Kristiansen f.1922. Reidar og Elsa har 3 barn:

Gjert Erik f.1966, sbm. Siri Andersen-Gott  
Hilde Synnøve f.1968, sbm. Nils Gunnar Riisøen  
Stein Kjartan f.1970

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

## Flaten – Sætaflaten

Ingebret Olsen var i 1832-1833 med i liste over husmannspenger til kyrkja. Ingebret Olsen Fellese 1798-1864 var frå Trælviken son til Ole Rolvsen Trælviken 1761-1803 og Bolette Ingebretsdtr. f.ca.1778 d.1803. Ingebret vart 1822 gift med Marie Elisabeth Larsdotter Øyseie f.ca.1796 d.1873. Ingebret og Marie vart nemnde på Øyseie til 1824 og på Blessemeie frå 1830. Marie Larsdotter f.ca.1793 var i 1865 føderådskone på Flaten.

Ingebret og Marie hadde 8 barn:

Kari f.1818, ho hadde 3 barn:

Embert f.1842, faren var Pål Jakobsen Blessemeie

Gunild 1848-1850, faren var enkjemann Ola Olsen Øyseie

Embert f.1851, faren var enkjemann Ola Olsen Øyseie

Ole 1822-1823

Ole 1824-1849, neste brukar

Ragnhild 1827-1876, ugift

Mari f.1830

Jacob 1832-1834

Bolethe 1835-1920, g.m. Ola Amundsen Nystuen f.1833. Til Jelet

Jacob 1839 -1841

Ole Imbertsen var i 1865 og 1875 husmann med jord på Flaten. Ole vart 1849 gift med Ingri Jacobsdotter Kleppeeie Ruskelykkja 1825-1877 dotter til Jacob Jacobsen Kleppeeie Ruskeløkken og Anne Knutsdtr. Ruskeløkken 1794-1864. Ole og Ingri hadde 3 barn:

Ingebret f.1848, til Kristiansund 1867

Anne f.1851, til Målselv 1874

Mari f.1855, til Målselv 1881

Ola hadde utanom ekteskap 2 barn med Gunild Knutsdotter Stadeløkken:

Anton f.1873, til Horten 1900

Rannei f.1878, til Amerika 1894

Ola vart gift på nytt med Anne Jensdotter Håkenstadeie 1850-1935 dotter til Jens Syversen Raastadeie (Sveen, Røisen) og Anne Syversdtr. Håkenstadeie. Ola og Anne hadde 4 barn:

Matias f.1878

Kari f.1880

Ragnhild f.1883, hjå mora i stugu ved sygard Raastad i 1920

Ingri f.1886

I 1900 var det enkja Anne Flaten f.1850 som budde på Sætaflaten saman med dottera Ingri.

I 1910 budde den gifte Marit Johannesdotter f.1855 på Flaten. Ho hade 2 barn:

Imbjør f.1899

Guri f.1899

Flaten gnr. 23 bnr. 2 vart frådelt frå sygard Blessom i 1924 med skjøte frå Sophie Furu til Torstein Steinstuen for kr 2000. Torstein Steinstuen 1895-1972 var son til Ola Øyhusom og Rønnaug Myrom. Torstein vart 1920 gift med Ymbjørg Dalen 1899-1976, dei hadde 1 barn:  
Ola f.1921, neste brukar

Ola overtok i 1952. Han vart 1944 gift med Anne Rundhaugen 1920-1995 dotter til Jakob Rundhaugen og Rønnaug Myrum. Ola og Anne overtok Sæta gnr. 24 bnr. 2 og flytta dit i 1973. Ola og Anne hadde 1 barn:

Torbjørn f.1945, neste familie

Torbjørn var gift med Målfrid Skogheim, Vestre Slidre f.1943, dei hadde 5 barn:

Anne Ingebjørg f.1963, g.m. Pål Berg

Odd Arne f.1964, neste eigar

Elisabeth f.1968, sbm. Arild Damstuen

Torbjørg f.1970

Marit Synnøve f.1972, g.m. Birger Myrhaug

Odd Arne overtok Flaten gnr. 23 bnr. 2 og Sæta gnr. 24 bnr. 2 i 1993. Han er sambuar med Gro Ellen Steineide, Heidal f.1967 dotter til Arvid Steineide f.1940 og Brita Haugli, Oslo f.1945. Odd Arne og Gro Ellen har 1 barn:

Sindre f.1995


Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

# Gnr. 24 (Blessom nordgard)



*Nordgard Blessom. Foto: Joramo*

## **Blessom nordgard**

Blessom hørte med til det godset som Hannibal Sehestad hadde fått tak i medan han var statthaldar i Norge, og som han gav til kongen fyrst i 1650-åra.

Koppskatten 1645 nemnde Johannes Blessomb og hans hustru. Manntalet 1666 viser nordgard Blessom 5 huder samt engeplass 3 skinn, oppsitjar var Johannes Svensøn 55 år som hadde sonen Sven Johannesen 13 år. Johannes Svendsen var også brukar i 1668, eigar var Gabriel Marcellius. Tingboka i 1673 viser at Blessom var eigd av kongen, men pantsett til Marcellius arvingar. Skifte i 1687 viser at Johannes var gift med Marit Gundersdotter, dei hadde 7 barn:

Svend, neste brukar

Bergete, g.m. Arne Siverson Raastad

Marit, g.m. Jacob

Ragnild

Else  
Randi d.ca.1723  
Kari, g.m. Lars Jonsen Haugøy, på Bolstad

Svend Blessum kjøpte i 1685 Blessum 5 huder av Johan Marcilius. Skoskatten 1711 nemnde Svend Blessum og hustru. Matrikkelutkastet 1723 viser at Blessum 5 huder da var eigd og brukt av enkja Rønnoug Jonsdotter. Skifte etter Svend i 1717 viser at dei ikkje hadde barn. Skiftet viser at enkja hadde overteke 2 huder frå mannen etter forlik med arvingane etter Svend. Rønnoug Jonsdotter fekk i 1721 skjøte på heile nordgard Blessom 5 huder. Arne Siverson Raastad prøvde å overta Blessom på odel i 1753, men dette vart avvist.

I 1755 var det skifte etter Ole Eriksen, Blessom 5 huder var da taksert til 1200 rd. Ole eigde også ein Lunde oppigard 2 ½ hud som han pantsette i 1737 for eit lån 600 rd. Ole var gift med Rønnoug Gulbrandsdotter, dei hadde 4 barn:

Erik 1722-1802, neste brukar  
Peder f.ca.1726, til Lunde u. og Lundevangen  
Kirsti f.ca.1730, ugift i 1755, skifte 1785  
Rønnoug g.m. Jon Toresen Holen

Erik Olsen var gift med Marit Olsdotter Sandbu ø-s f.ca.1727 d.før 1801, dei hadde 1 barn:  
Rønnoug 1759-1847, neste brukar

Rønnoug var gift med Poul Poulsen, dei fekk i 1786 skjøte på Blessom 5 huder frå faren/svigerfaren Erik Olsen Blessum for 400 rd. Pål Pålsen Tolstad 1764-1847 var son til Pål Hansen Tolstad 1736-1812 og Marit Pålsdr. Tofte 1733-1804. I 1849 var det skifte etter Poul Poulsen og kone som baa var daude. Rønnoug og Poul hadde 5 barn:

Marit 1785-1846, g.m. Tor Hansen Lie, Dovre 1781-1833  
Mari 1791-1846, g.m. Johannes Jonsen Mo 1787-1869  
Erik 1794-1872, neste brukar  
Pål 1794-1873, g.m. Barbro Trondsdr. Valbjør 1793-1878. På Sandbu n-ø  
Barbro 1795-1869, g.m. Hans Olsen Øy ø 1784-1875. Gardsøy.

Erik Poulsen fekk i 1825 skjøte frå faren på nordgard Blessum 5 huder for 600 spd. I 1852 var det skifte av Erik Poulsen Blessums oppbudsbu. Erik var gift med Imbjør Eriksdotter Helle 1799-1877 dotter til Erik Hansen Helle 1761-1841 og Marit Knutsdr. Huden Siem 1766-1808. Erik og Imbjør hadde 11 barn:

Pål f.1821, til Trondheim i 1852  
Rønnaug 1823-1908  
Erik 1825-1863, g.m. Kari Hansdr. Raastad s. 1811-1902. Føderåd på Blessom.  
Marit 1832-1853  
Hans 1829-1856  
Marit 1831-1853  
Thor f.1834 d.e.1901, skifte konkursbu 1887  
Simen f.1836, til USA 1875

Ole 1837-1920, ugift  
Elias Anker 1838-1871, drukna på Jettjønn  
Hans f.1845

Erik Eriksen fekk i 1854 skjøte på Blessom frå farens konkursbu, men overdrog same dagen eiedommen til Pål Tordsen Romundgard. Pål 1817-1902 var son til Tord Tordsen Romundgard, Sel 1776-1851 og Ingrid Iversdr. Fellese 1776-1844. Pål vart 1844 gift med Anne Hansdotter Formo f.1822 dotter til Hans Andersen Formo 1777-1845 og Mari Hattrem 1788-1855. Pål og Anne hadde 3 barn:

Ingrid 1846-1937, g.m. Øystein Syversen Hovde 1854-1945, til Uleberg  
Marit 1851-1950, neste brukar  
Anne f.1853, g.m. Jørgen Antonsen Horne, Romedal

Systemene Ingrid, Marit og Anne fekk i 1868 skjøte på Blessom frå faren. Folketeljing viser at det var Marit og familien som var på Blessom i 1900. Marit var g.m. Christian Antonsen Horne, Romedal 1838-1912 son til Anton Hansen Horne 1804-1860 og Helene Halvorsdr. Grimset 1810-1853. Marit og Christian hadde 5 barn:

Aasmund 1873-1934, oberst, ugift  
Thor 1876-1901, neste brukar  
Helga Marie 1880-1885  
Harald 1884-1957, g.m. Gudveig Busvold f.1895. Byråsjef, seinare eigar av Horne.  
Helga Marie 1887-1957, ugift, lektor i Oslo

Thor 1876-1901 vart i folketeljinga 1900 nemnd som gardbrukar.

I 1909 selde Ingrid og Øystein Hovde, Marit og Christian Horne samt Anne Horne garden Blessom til Anders Sandbu for kr 20000. Lille-Blessom gnr. 24 bnr. 11 vart frådelt i 1909 og var ikkje med i salet. Anders Isaksen Karusbakken f.1864 var son til Isak Rasmussen Karusbakken f.1830 og Barbro Svendsdr. f.1830. Anders budde i 1903 på Sandbu oppigard nord og var eigar av den garden i 1908 og 1909, dermed brukte han namnet Sandbu. Anders var gift med Barbro Pedersdotter f.1872 frå Lom, dei tre eldste barna var fødde i Amerika. Anders og Barbro hadde 5 barn:

Bella f.1897  
Klara 1898-1913  
Ingval f.1900  
Selma f.1903  
Peder f.1906

Blessom vart i 1913 teke att på odel av sonen til Ingrid, Sigurd Øysteinsen Hovde 1885-1922, odelsløysingssum var kr 23500. Sigurd var gift med Guri Hansdotter Snerle m. 1891-1950, dotter til Hans Olsen Snerle 1859-1931 og Mari Hansdr. Tolstad 1853-1897. Blessomvolden gnr. 24 bnr. 14 vart frådelt og seld i 1917 for kr 8500 til Karl Grotheim. Sigurd og Mari hadde 2 barn:

Ingrid f.1915, ugift

Pål 1918-1983, neste brukar

Pål og Ingrid fekk skjøte på Blessom frå mora i 1948, Pål fekk i 1961 skjøte også på Ingrids del. Pål var gift med Astrid Aas f.1922 dotter til Halgrim Ås og Marit Sveine. Pål og Astrid hadde 1 barn:

Sigurd f.1950, neste brukar

Sigurd overtok Blessom frå faren med skjøte i 1974. Sigurd vart 1982 gift med Sidsel Horntvedt Olsen, Hobøl f.1953 dotter til Sverre Horntvedt Olsen f.1901 og Ruth Hellum f.1920. Sigurd og Sidsel har 3 barn:

Ingrid Elisabeth f.1984

Pål Sverre f.1988

Estin Johannes f.1992

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slektene på Fellese/Raastad s., Tolstad Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## Lille-Blessom – Blessom øvre

I 1900 var Ola A Raastad 1855-1928 forpaktar av føderåd på det som da vart nemnd som øvre Blessom under nordgard Blessom. Ola var frå sygard Raastad son til Hans Raastad og Mari Tolstad. Ola var gift med Rønnaug Pedersdotter Spelmannsstuen 1863-1950.

I 1900 budde enkjemannen Ole Johnsen Blessom 1846-1913 saman med mora Tora i søre stugu på øvre Blessom. I 1910 budde han på Lille-Blessom som truleg var same plassen. Ole Johnsen som var banksjef selde sygard Blessom i 1898. Ole Johnsen var son til John Syversen Blessom 1819-1893 og Thora Ivarsdotter Kleppe n. 1820-1907. Ole vart 1874 gift med Caroline Hansdotter Valle Fellese 1845-1902 dotter til Hans Olsen Valle 1808-1880 og Kari Olsdtr. Fellese 1810-1886. Ole og Caroline hadde 2 barn:

John 1876-1950, ugift

Karen 1877-1920, g.m./skilt skogforvalter Simen Andersen Wolrath 1877-1939

I 1909 selde Ingrid og Øystein Hovde, Marit og Christian Horne samt Anne Horne garden nordgard Blessom til Anders Sandbu for kr 20000. Lille-Blessom gnr. 24 bnr. 11 vart frådelt i 1909 og var ikkje med i salet.

I 1920 budde det ikkje folk på Lille-Blessom.

I 1921 var det skjøte frå Marit Horne og Chr. Hornes arvingar til medarving Helga Horne vedteke av Ingri Hovde og Anne Horne.

Helga Horne døyde i 1957 og i 1959 vart det notert heimelsovergang til testamentarvingane Tord Kristien Horne f.1932 og Lars Asmund Horne f.1934.

Astrid Blessom f.1922 overtok med skjøte i 1986.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## **Blessomvolden – Blessomøyen**

Ingebret Olsen Rottenseie f.ca.1813 var son til Ole Eriksen Rottenseie. Ingebret vart 1843 gift med Elie Larsdotter nedre Lundeeie f.ca.1820 d.1854 dotter til Lars Johannesen Lundeeie. Ved fødselar frå 1846 var dei på det som vart kalla Øyen eller Blessomvolden, og ved skifte i 1858 vart det kalla Blessomøyen. Ei usikker kartskisse frå 1860 viser at dette kan ha vore ved søre Blessomøyen eller Villarunningen. Ingebret og Elie hadde 3 barn:

Ragnild f.1841

Ole f.1846

Lars f.1853

Engebret Olsen vart 1858 gift på nytt med Gunhild Jacobsen Blessumeie Steinstugu f.1828 dotter til Jacob Paulsen Blessumeie Steinstugu 1784-1869. I 1865 var Imbrigt husmann med jord. I 1874 fekk Engebret Olsen og hustru feste på tomter på Blessomvolden. I 1875 var Gunhild husmann utan jord, medan mannen var i Amerika. Engebret og Gunild hadde 7 barn:

Jacob f.1857

Iver f.1859

Edvard f.1862

Thor f.1863

Barbro f.1866

Paul f.1868

Imbrigt f.1872

Kjelder:

Digitalarkivet: folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm

## **Villa**

Villa gnr. 24 bnr. 13 vart frådelt frå nordgard Blessom i 1910 med skjøte frå daverande eigar Anders J Sandbu til Knut Villa for kr 3000. Arealet omfatta både området ovanfor vegen, og



den såkalla Jovolden nedanfor. Namnet Villarunningen vart brukt ved kjøp av eit areal aust for Kræmarsandbu; gnr. 19 bnr. 6 vart frådelt frå oppigard Nord-Sandbu gnr. 19 bnr. 1 i 1917 (tinglyst i 1920) med skjøte frå Jonas Løftinsmo til Knut Villa for kr 5000. Namnet Villarunningen gjekk seinare over til å bli brukt om området nedanfor bensinstasjonen. Knut Villa, Vestnes f.1876 var gift med Inger Øiom f.1882 frå Tessanden, dei hadde 3 barn:

Kristian 1905-1985, neste brukar

Gunhild f.1906, g.m. Ola O Sørлие

Hallfrid f.1910, g.m. Iver Mytting, Ringebru f.1905

I 1935 vart Villarunningen bortforpakta frå Knut og Inger Villa til sonen Kristian, og i 1944 fekk Kristian skjøte for kr 5000 inkl. lausøyre. Knut og Inger hadde føderådshus nedanfor bensinstasjonen. Kristian Villa vart 1931 gift med Kristine Austrem 1902-1980 dotter til Otto Austrem og Marie Andvord. Kristian og Kristine hadde 2 barn:

Knut Ivar f.1935

Marie f.1938

Knut Ivar Villa var gift med Astrid Luhr, Lom f.1936, dei hadde 5 barn:

Kjetil f.1959

Ivar f.1961

Kristin f.1964

Asbjørn f.1965

Anne Marie f.1968

Kjetil Villa overtok etter besteforeldra i 1974.

**Tangen** gnr. 24 bnr. 28, Haugøyjeilen 16, vart frådelt frå Villa i 1946 med skjøte i 1948 frå Kristian Villa til Jørgen Sæta f.1904. Etter Jørgens død sat enkja Anne Sæta i uskifta bu. Steinar Leif Bustad overtok med skjøte i 1979 og Terje Dahlen i 1990.

**Nysted** gnr. 24 bnr. 24, Haugøyjeilen 14, vart frådelt frå Villa i 1945 med skjøte til Johannes I Myrum. I 1979 var det skjøte til Edel og Åge Strømstad.

**Villaberget** gnr. 24 bnr. 74, Haugøyjeilen 12, vart frådelt frå Villa i 1980 med skjøte frå Kjetil Villa til Knut Villa. Astrid Villa overtok med skjøte i 1985.

**Bjørkero** gnr. 24 bnr. 65, Haugøyjeilen 10, vart frådelt frå Villa i 1972 med skjøte frå Kristian Villa til sonen Knut Villa. Mathuset as fekk skjøte på dette og andre eigedommar i 1985 og Villa hotell as i 1989.

**Villa hotell** gnr. 24 bnr. 32, Vågavegen 45, vart frådelt frå Villa i 1950. I 1960 var det skjøte frå Kristian Villa til sonen Knut Villa. Mathuset as fekk skjøte i 1985 og Villa hotell as i 1989.

**Villaro** gnr. 24 bnr. 63, Vågåvegen 41, vart frådelt frå Villa i 1970 med skjøte frå Kristian Villa til Astrid Villa f.1936. Hotell Villa fekk skjøte i 1985 og Vågå Hotell as i 1989.

**Øygardsvegen 2**, gnr. 24 bnr. 86, er frådelt i seinare år, der vart det bygd fleire bustader.

**Fredheim** gnr. 24 bnr. 40 vart frådelt frå Villa gnr. 24 bnr. 13 i 1955 med skjøte i 1956 frå Kristian Villa til Gustav Berget 1898-1958, ein mindre del vart frådelt frå Haugøy med skjøte frå Olav Haugøy. Enkja Mari Berget fekk tinglyst hjemmel ved uskifta bu i 1958. I 1962 var det skjøte til svigersonen John Strømstad d.1966, enkja Astrid Strømstad fekk tinglyst hjemmel ved uskifta bu. I nyare tid er frådelt gnr. 24 bnr. 88 der det er bygd leiligheiter.

**Villarunningen**, Vollvegen 5 gnr. 24 bnr. 81 og Vollvegen 1 gnr. 24 bnr. 82 er frådelt i nyare tid, der er det bygd leiligheiter.

**Vågåvegen 36**, gnr. 24 bnr. 25 vart frådelt frå Villa i 1945 med skjøte frå Kristian Villa til Norsk Brændselolje as.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

## **Blessomøyen søre – Kræmmerøien**

John Thoresen Blessomløyen 1803-1900 vart 1824 gift med Elie Olsdotter Kleppeie 1898-1845. Familien var husmenn i nedre Blessomløyen og var der i 1865. Men i 1875 var familien komne til Blessomøyen der sonen Hans 1831-1889 var husmann. John og Elie hadde 3 barn:

Tore f.1825, g.m. Rønnaug Hansdtr., g.2.m. Mari Nilsdtr. Exerplads

Ole f.1828

Hans 1831-1889, brukar her

John Thoresen Blessomløyen vart 1846 gift på nytt med Tora Nilsdotter Moen Excerplads f.1821, syster til Mari. I 1900 budde Tora på søre Øyen (Kremarøyen), i 1901 reiste ho til sonen Hans i Amerika. John og Tora hadde 6 barn:

John f.1847, g.m. Marit Johnsdtr. Trøen f.1843. Til Grytten og USA.

Guri f.1850, g.m. Ola Hansen Sandneseie f.1850. Til Amerika 1883.

Ragnild f.1854

Ragnild f.1856, g.m. Anders Hansen f.1850. Til Salten og Amerika.

Gulbrand f.1859, g.m. Dora Mathea Sander 1855-1939. Til USA.

Hans 1862-1946, g.m. Hattie P Market 1885-1982. Til Amerika.

På Blessomøyen under nordgard Blessom var Hans Johnsen i 1865 husmann utan jord, i 1875 husmann med jord. Hans kan ha overteke jorda frå Blessomvolden som vart nemnd med jord i 1865 og utan i 1875. Hans Johnsen Blessumeie 1831-1889 vart 1854 gift med Rønnog Thorsdotter Østremseie 1830-1898 dotter til Thor Knutsen Østremseie 1803-1893 og Marit Iversdtr. Rottmenseie f.ca.1807. Hans og Rønnaug hadde 2 barn:

Ragnild f.1854, g.m. Iver Thorsen Spakrud f.ca.1840

Marit f.1862, neste brukar



*Finnbrua og søre Blessomøyen. Foto frå Anne Marie Bolstad.*

Kræmmerøien gnr. 24 bnr. 8 vart frådelt frå nordgard Blessom i 1907, det ser ut til at dette omfatta tomt berre for husa for grensa gjekk ved pakkbuva mot den såkalla Jo-Volden. På dette nummeret vart det i 1908 registrert skifte etter Barbro Olsdotter f.Øvsteng og attlevande mann Thor I Spagrud som hadde barna Ragnhild f.1898, Ole f.1901 og Anne f.1903. Thor Spakrud var son til Ragnild Hansdtr. Øyen f.1854 og Iver Thorsen Spakrud f.ca.1840.

Marit Hansdotter Øyen 1862-1898 vart 1883 gift med handelsbetjent Syver Knutsen Kjøpanger f.1860, i 1883 og 1892 vart dei nemnde på Øyen og i 1885 på Kjøpanger. Mari og Syver hadde 4 barn:

Anne 1883-1964, g.m. Iver Olsen Kleiven 1881-1973

Rønnaug 1885-1965

Mari 1892-1930, g.m. Ola Torsen Svare 1893-1923

Knut 1896-1899

I 1910 var det skjøte frå Thor Spagrud til landhandlarar S Knutsen og O Ødegaard for kr 3750. I 1900 og 1910 budde landhandlar Ole Ødegaard 1873-1916 frå Lom på Kræmarøyen, han var gift med Anne Kjøpanger 1871-1961. Syver Knutsen budde på Kjøpanger, han var bror til Anne. Anne og Ole hadde 1 barn:

Astrid 1901-1919

I 1932 vart kjøpmann S Knutsen teke under behandling som konkursbu, og i 1933 vart eigedommen seld på tvangsauksjon.

Anton Berg d.1965 fekk auksjonsskjøte i 1933 for kr 6050.

Nils Tore Berg 1942-1990 og Reidar Berg f.1948 overtok hjemmelen som testamentsarvingar etter Anton Berg som døydde i 1965. I 1973 var det skjøte på halvdel frå Reidar til Nils Tore. Enkja Grete R Berg overtok hjemmelen ved uskifte i 1990.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

## **Blessomøyen nördre**

Blessomøien gnr. 24 bnr. 9 vart frådelt frå nordgard Blessom i 1907. N Amundsens obligasjon vart nemnd ved tinglyst påteikning i grunnboka i 1908, og i 1942 vart det tinglyst erklæring om at Nils Amundsen hadde grunnbokhjemmel. Bustykket gnr. 21 bnr. 8 vart frådelt frå nedre Øy i 1907 med skjøte til Nils Amundsen i 1908 for kr 2300. Nils Amundsen Berg 1850-1942 var gift med Rønnaug Johnsdotter f.1844, dei kom frå Lom. I 1900 dreiv ho kafe og han var smed og handverkar, i 1910 var han gardbrukar, smed og dreiv kafe og losji. Nils Amundsen var son til Amund Ellefsen som i 1872 kjøpte Lykkja gnr. 62 bnr. 1. Nils og Rønnaug budde på Lilleøysteng i 1881, Galstad i 1884, Øyvolden i 1886-1889 og Blessomøyen frå 1891. Dei hadde 9 barn:

Ellef f.1871, til Amerika

Else f.1872

Marit f.1895 ho hadde sonen Ragnvald f.1901

Jørgine f.1877

Ole f.1879

John f.1881

Anton f.1886

Amund 1888-1957, neste brukar

Paul f.1891

I 1942 var det skjøte frå Nils Berg til sonen Amund Berg på Blessomøyen samt Bustykket gnr. 21 bnr. 8 for kr 4000 inkl. lausøyre kr 500. Amund var gift med Anna d.1965, ho overtok ved uskifte i 1957. I 1963 var det kjøpekontrakt frå Anna Berg til Vågå kommune på 310 kvadratmeter samt den gamle bebyggelsen for kr 15000. Amund og Anna hadde 2 barn:

Nils Tore 1942-1991, g.m. Grete R

Reidar f.1948

Nils og Reidar overtok etter at mora døydde i 1965 med tinglyst heimelsovergang i 1969.

Finnvoll II gnr. 24 bnr. 61 vart frådelt i 1969 med skjøte frå Nils og Reidar Berg til Eidefoss A/S.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Ottosen: notat om folketeljing 1900

## Finvoll

Finvoll gnr. 24 bnr. 15 vart frådelt frå nordgard Blessom i 1926 med skjøte frå Guri Hovde til Ragnvald Berg for kr 1000.

I 1957 var det skjøte frå Ragnvald Bergs konkursbu til Eidefoss Kraftanlegg AS for 300000, dette omfatta også bnr. 22 og 23 (Finvoll gnr. 24 bnr. 22 vart frådelt frå Blessom i 1944).

Finnvoll 4 gnr. 24 bnr. 50 vart frådelt frå Blessom i 1958.

Gnr. 24 bnr. 15 er nå Kiwi.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

## Finstad

Finstad gnr. 24 bnr. 3 vart 1902 frådelt frå nordgard Blessom med skjøte til Peder Sønsteng for kr 1000. I 1910 vart Finstad nemnd saman med Exisplassen, Peder Sønsteng f.1854 frå Skjåk var hotel- og kafevert. I 1900 var Peder kyrkjetenar og kjerringa dreiv kafe. Peder Sevaldsen 1854-1930 frå Larskveen i Skjåk var gift med Anne Olsdotter 1851-1924 frå Skjåk dotter til Ole Guttormsen Forbergsplass f.1821 og Gunhild Larsdr. f.1814. Før dei kom til Finstad var Peder og Anne på Sønsteng. Peder og Anne hadde 3 barn:

Sevald f.1881, til Amerika

Ole 1887-1917

Torø 1891-1978, neste eigar

Torø vart 1915 gift med Ingvald Kleiven 1887-1960 son til Hans Kleiven nedre 1852-1936 og Mari Paulsdr. Kårstad 1850-1928. Ingvald Hansen Kleiven overtok Finstad i 1921 med skjøte frå svigerfaren for kr 5000,-, herav for lausøyre kr 2000,-. Torø og Ingvald hadde 5 barn:

Astrid 1916-2009, g.m. Steinar Storvik 1912-1995. På Nymoen.

Ragnhild 1918-2004, g.m. Frantz Leonard Nilsen 1916-1983

Per 1921-1994, neste eigar

Hans 1925-1989, g.m. Eva Faaberg, g.2.m. Mette Sjødal

Aud f.1931, g.m. Odvar Møller 1927-2008

Per I Kleiven overtok i 1965 med skjøte frå mora for kr 40000,- samt føderåd kr 2500,-. Per var gift med Margit Lunn, Blessom s. 1920-2016. Per og Margit hade 3 barn:

Trond

Ingar f.1955

Mari Torø f.1957

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Tone Storvik Kristiansen: notat

## Blessomeie

I 1865 var Lars Christensen f.ca.1805 landhandlar og husmann utan jord på Blessomeie. Det er ukjend akkurat kvar dette var, men truleg var det ved vegen og Finnbrua. Lars var gift med Mari Jacobsdotter f.ca. 1815. Tidlegare var dei på Volden under nedre Øy der barna budde i 1865.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar mm.

## Aagotøyen – Finvang

I 1865 var enkja Aagaat Olsdotter Øien f.ca.1810 d.ca.1893 frå Dovre husmann med jord under Blessom, i 1875 hadde ho bortforpakta jordvegen. Dette var på Øyen vest for nåverande Coop, aust for der Pål Øyen (seinare Johan Bakke) var. Det var truleg ein del av det som vart Finnvang som Rasmussen seinare hadde. Ole Amundsen Østremseiet f.ca.1803 d.1846 var utanfor ekteskap son til Amund Andersen Østrem f.ca.1746 og Ingrid Christensdr. f.ca.1768.

Ole Blessomøyen var etter opplysning frå etterkomar handelsmann og døydde i 1846 etter fall frå hesten under ei ferd til Christiania. Ole vart 1838 gift med Aagot Olsdotter Skjelstad, Dovre f.ca.1810 dotter til Ole Tostensen Skjelstad f.1770. Aagot og barna flytta i 1852 til Skjerstad i Nordland, men ho kom att. Ole og Aagot hadde 4 barn:

Ingri f.1838, (seinare kalla Inga), g.m. Hans Henrik Wærenskiold 1820-1909, til Hitra  
Hans 1839-1840  
Hans f.1841, til Amerika  
Ole f.1844

Garvar Reidar Lundh 1829-1888 heldt etter folketeiljinga i 1865 til på same plassen som inderst, men ei kartskisse viser at han hadde huset litt lenger aust enn Aagaat. Reidar Lundh var son til Andreas Molbech Lundh 1787-1867 og Anne Marie Bjerregaard 1793-1878. Reidar vart 1863 gift med Mari Olsdotter Sandbu f.1836 dotter til Ole Amundsen Sandbu. I 1891 var Mari enkje og budde saman med barna Albert og Petra på det som truleg var same plassen. Reidar og Mari hadde 7 barn:

Anne Marie, f.1864  
Anders Molbek f.1865  
Henrik f.1868  
Albert f.1870  
Hanna f.1874  
Anna / Petra f.1875  
Pauline 1877-1879

Det ser ikkje ut til at det budde nokon på Aagotøyen i 1900. Finvang gnr. 24 bnr. 4 vart frådelt frå nordgard Blessom i 1907 med skjøte til handelsbestyrar Rasmussen for kr 3700. Kjøpekontrakta brukar namnet Aagotøien medan det står Finvang i skjøtet. Det går fram at dette er heile området frå vegen til Håkenstadøyen. Johannes Rasmussen 1868-1954 vart 1902 gift med Mari Olsdotter Sandbu u-s f.1883, dotter til Ola Guttormsen Sandbu 1848-1934 og Kari Ivarsdr. Viste m. 1851-1938. I 1910 var J. Rasmussen kjøpmann og Finvang vart nemnd som gardsbruk.

Aagotøyen vart delt i 1946. I 1947 var det skjøte frå J Rasmussen til Samvirkelaget på attverande del gnr. 24 bnr. 4 for kr 80000 inkl. lausøyre kr 5000. Dette er det som nå er butikktomta til Coop.



*Butikken til Rasmussen, Finstad til venstre. Foto frå Gunnar Sandbo.*

**Aagotøyen gnr. 24 bnr. 29** vart frådelt frå Finnvang gnr. 24 bnr. 4 i 1946, dette var den vestre halvdel av Finnvang. Mari og Johannes Rasmussen bygde seg hus der i 1947-48, dette er nå Finndokkvegen 1. Fleire tomter vart frådelt i 1958.

Mari Rasmussen døydde i 1964. Aagotøyen, Finndokkvegen 1 vart testamentert frå Mari og Johs. Rasmussen til Vågå gamleheim, Vågå diakonisseforening, Vågå musikkforening og Vågå skyttarlag. I samsvar med testamentet kunne dei fire ugifte syskjena til Mari kjøpe huset, og broren Jakob O Sandbo var den som kjøpte. Han flytta dit saman med systrene Anne, Kari og Marit.

Etter desse vart huset overteke av barnebarn til bror deira, Åse Gjesling Sandbo Mortensen.

**Sandvoll** gnr. 24 bnr. 45 Finndokkvegen 4 vart frådelt frå bnr. 29 i 1958 med skjøte frå Mari Rasmussen til Magnus Myrum.

**Øyvolden** gnr. 24 bnr. 46 Finndokkvegen 2 vart frådelt frå bnr. 29 i 1958 med skjøte frå Mari Rasmussen til Pål Kleiven.

**Sandstad** gnr. 24 bnr. 47, Matåkervegen 3 vart frådelt frå bnr. 29 i 1958 med skjøte frå Mari Rasmussen til Hans Bøje.

**Finnbu** gnr. 24 bnr. 48, Matåkervegen 1 vart frådelt frå bnr. 29 i 1958 med skjøte frå Mari Rasmussen til lensmann J. Eikenes. Enkja Jensine Eikenes fekk hjemmel ved overgang til



uskiye i 1961. I 1962 var det skjote til Ivar Valde som bygde røyrleggarforretning der. Gunnar Sveen f.1945 overtok med skjote i 1982.

**Elvestad** gnr. 24 bnr. 49, Finnkanten 4 vart frådelt frå bnr. 29 i 1958 med skjote frå Mari Rasmussen til advokat O. Bjørnstad. I 1966 var det skjote frå O Bjørnstad til AS Eidefoss. I 1982 var det skjote til Magnvor Müller f.1945 og Jan Helge Skogen f.1946.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Gjesling Sandbo: kjøpekontrakt og skjote 1907; opplysningar om skifte, testamente, byggetillatelse mm. etter Mari og Johs. Rasmussen;

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Sleakter i Vågå og Lom, Tolstadslekten

Per Harald Nymark, Gudbrand 1-2 2000

Rune Alander og Pål Øystein Kvarberg, Gudbrand 3-2000 og 2-2001

## Ekren

**Ekren** gnr. 24 bnr. 6 vart frådelt frå nordgard Blessom i 1907. Ole Olsen Stenstuen 1876-1954 var son til Ole Hansen Stenstuen, han vart 1897 gift med Ingeborg Olsdotter Trolldalen f.1873 dotter til Ole Andersen Husehaugen Trolldalen 1832-1922 og Elise Christensdtr.

Storvikseie 1839-1894. I 1900 budde familien på Skjellum. Ole og Ingeborg hadde 8 barn:

Ole f.1896

Ragnhild f.1899

Anders f.1901

Elise f.1904

Olav f.1906

Marit f.1908, neste brukar

Hans f.1911, neste brukar

Ingvar f.1914

I 1943 var det skjote frå Ole Ekren (Stenstuen) til barna Hans og Marit Ekren, seljaren og ektefelle Ingeborg heldt att burett.

Husa på Ekren gnr. 24 bnr. 89 Skogbygdsvegen 9 vart i 1998 frådelt frå Ekren gnr. 24 bnr. 6 med skjote til Kjetil Løkken.

Attverande areal av Ekren gnr. 24 bnr. 6 er utan bygningar og vart i 2004 overteke av Ola og Edith Skogen.

**Bjørkum** gnr. 24 bnr. 20 Skogbygdsvegen 17 vart i 1939 frådelt frå Ekren gnr. 24 bnr. 6 med skjote i 1940 frå Ole Stenstuen til Knut Ljøsne d.1963. Enkja Tora Ljøsne d.1975 overtok ved uskiye i 1963. Sonen Halvdan f.1929 selde med skjote i 1979 til Tor Reiremo f.1913. I 1988 var det skjote til Ragnvald Frisvold f.1926.

**Ekreflaten** gnr. 24 bnr. 66 Skogbygdsvegen 15 vart frådelt frå Ekren i 1973 med skjøte i 1974 til Ivar Schjøllberg f.1940.

**Bergly** gnr. 24 bnr. 62 Skogbygdsvegen 13 vart frådelt frå Ekren i 1969 med skjøte i 1970 frå Hans og Marit Ekren til Marit Valde Janson f.1935, Marit sat i uskifte frå 1988 etter Fritz Janson d.1988.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

## **Blessom mm.**

**Soltun** gnr. 24 bnr. 19 Skogbygdsvegen 7 vart frådelt frå nordgard Blessom i 1939 med skjøte i 1946 frå Guri Hovde til Astrid Kolstad f.1903. Astrid Kolstad bygde hus i 1940. I 1980 var det skjøte til Kjell Helge Løkken f.1941.

**Bjørke** gnr. 24 bnr. 16, Haugøyjeilen 18, vart frådelt frå Blessom i 1934 med skjøte til Ola Ruistuen d.1984, enkja Ingrid Ruistuen f.1904 fekk i 1984 tinglyst hjemmel ved uskifte.

**Hegge** gnr. 24 bnr. 31, Øygardsvegen 8, vart i 1949 frådelt frå Blessomlykkja gnr. 24 bnr. 12. I 1970 var det skjøte frå Imbjør Blessumløkken til Odd Ruistuen. I 1983 var det skjøte til Tor Ivar Kleiven.

**Heimstad** gnr. 24 bnr. 36 Skogbygdsvegen 14 vart i 1953 frådelt frå øvre Bakken gnr. 24 bnr. 7 med skjøte frå Pål Haugen til Asmund Blankenborg (øvre Bakken tilhørde Sundhagen /Lillehagen). I 1985 var det skjøte til Egil Blankenborg f.1952.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

## **Nuggelykkja**

Nuggelykkja gnr. 24 bnr. 42 vart frådelt frå nordgard Blessom gnr. 24 bnr. 1 i 1957 med skjøte frå Pål og Astrid Blessom til Olav Lunn.

**Bjerkli** gnr. 24 bnr. 43, Øygardsvegen 10, vart i 1957 frådelt frå gnr. 24 bnr. 42 med skjøte i 1958 frå Olav Lunn til Nils O. Visdal f.1898. I 1983 var det hjemmelsovergang på dette og bnr. 56 til Agnes Garmo f.1955.

**Bjerkly** gnr. 24 bnr. 55, Øygardsvegen 12, vart frådelt frå gnr. 24 bnr. 42 i 1968 med skjøte frå Olav Lunn til Sølfest Bøie. I 1990 var det skjøte til Hilda Vaagaasar Pedersen f.1928. Nåverande eigarar er Kari og Sigurd Nestande.

**Humblebakken** gnr. 24 bnr. 54, Øygardsvegen 14, vart frådelt frå gnr. 24 bnr. 42 i 1967 med skjøte frå olav Lunn til Pål Øystein Kvarberg.

**Svalt** gnr. 24 bnr. 59, Øygardsvegen 9, vart frådelt frå gnr. 24 bnr. 42 i 1968 med skjøte i 1969 frå olav Lunn til Ivar Sagsletten.

**Steinseth** gnr. 24 bnr. 60, Øygardsvegen 7, vart frådelt frå gnr. 24 bnr. 42 i 1968 med skjøte i 1968 frå Olav Lunn til Kåre Ramen.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

## Blessomvollen

Blessomvollen gnr. 24 bnr. 14 vart frådelt frå nordgard Blessom i 1917 med skjøte frå Sigurd Hovde til Karl Grotheim for kr 8500. Angard gnr. 24 bnr. 17 vart frådelt frå Blessomvollen i 1938 med skjøte til Knut Schau i Sundhagen. I 1942 vart Blessomvolden gnr. 24 bnr. 21 frådelt frå Angard og seld attende til Mari Snare. Karl Grotheim 1875-1938 var gift med Kari Skau, Sundhagen f.1880 dotter til Sylfest Olsen Skau 1852-1934 og Mari Kjøpanger f.1857. Karl og Kari hadde 2 barn:

Mari f.1910

Tora

Mari arva halvdelen og fekk i 1939 skjøte frå systema på den andre delen. Mari var gift med Oscar Snare. I 1986 var det skjøte til Gunnar Snare f.1937, Tove Snare Kringen f.1941 og Brit Snare f.1944.

Tunet på Blessomvollen er frådelt som gnr. 24 bnr. 91, adresse Blessomvollen 3.

**Solhaug** gnr. 24 bnr. 26 Skogbygdsvegen 16 vart frådelt frå Blessomvollen gnr. 24 bnr. 21 med skjøte i 1946 frå Mari Snare til Nils Berg. I 1953 var det skjøte frå Nils Berg til broren Rolf P Berg f.1917. I 1988 var det skjøte til Wilhelm H Weber f.1929, Marit og Rolf Berg har burett. I 1990 var det skjøte til Steinar Berg f.1984.

**Solstad** gnr. 24 bnr. 27 Skogbygdsvegen 20 vart frådelt frå Blessomvolden gnr. 24 bnr. 21 i 1946 med skjøte frå Mari Snare til Knut J Sønstelién. I 1985 var det skjøte til Thor Sønstelién f.1939 og Gunnbjørg Nybø f.1936, Anna og Knut Sønstelién skal ha burett.

**Bergtun** gnr. 24 bnr. 80 Skogbygdsvegen 18 vart i 1987 frådelt frå gnr. 24 bnr. 26 med skjøte frå Rolf P Berg til Pål Berg f.1962.

**Britstugu** gnr. 24 bnr. 64 Blesomvollen 5 vart i 1972 frådelt frå Blesomvollen gnr. 24 bnr. 21 med skjøte frå Mari Snare til Brit Snare Dokk f.1942. I 1979 var det skjøte til Rolv Kleiven f.1915.

I seinare tid er frådelt Blesomvollen 1 gnr. 24 bnr. 98, Blesomvollen 36 gnr. 24 bnr. 105 samt eigdommen gnr. 24 bnr. 100 med mange leiligheiter.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

## Blesomlykkja

John Thoresen f.1803 var son til Tore Svendsen Kveen og Ragnhild Syversdtr. John vart 1824 gift med Eli Olsdotter Kleppeeie 1798-1845. Fyrst budde dei på Kleppeeie og seinare på Blesomøyen, rundt 1830 kom dei i Blesomlykkja. John var med i liste over husmannspenger i 1832-1833. John og Eli hadde 3 barn:

Thore 1825-1922, g.m. Rønnaug Hansdtr. Øyen 1824-1878, g.2.m. Mari Nilsdtr.

Excerplads 1823-1910

Ole 1828-1903, neste brukar

Hans 1831-1889, g.m. Rønnaug Thorsdtr. Østremseie 1830-1898. På Blesomøyen.

John Thoresen Blesumløkken vart 1846 gift på nytt med Tora Nilsdotter Moen Excerplads f.1821, syster til Mari. I 1900 budde Tora på søre Øyen (Kremarøyen), i 1901 reiste ho til sonen Hans i Amerika. John og Tora hadde 6 barn:

John f.1847, g.m. Marit Johnsdtr. Trøen f.1843. Til Grytten og USA.

Guri f.1850, g.m. Ola Hansen Sandneseie f.1850. Til Amerika 1883.

Ragnild f.1854

Ragnild f.1856, g.m. Anders Hansen f.1850. Til Salten og Amerika.

Gulbrand f.1859, g.m. Dora Mathea Sander 1855-1939. Til USA.

Hans 1862-1946, g.m. Hattie P Market 1885-1982. Til Amerika.

I 1865 var det to bruk i Blesomlykkja, John hadde nedre og sonen Ola øvre. I 1875 budde John og familien på søre Blesomøyen der sonen Hans var husmann. Ola hadde da to husmannsplassar som kanskje var øvre og nedre Blesomlykkja. Ole f.1828 var gift med Anne Knutsdtr. Nettet 1827-1901. Ola og Anne hadde 6 barn:

Ragnhild f.1856, neste brukar

Kari 1857-1875

John 1859-1944. Til Minnesota. G.m. Ragnhild Johannesdtr. Kjæstad 1840-1911, g.2.m.

Bergette Oline Kjæstad 1873-1967

Knut 1862-1939, g.m. Barbro Olsdtr. Stenstuen 1859-1938. Til Skjellum og Steine.

Syver f.1865, til Minnesota

Hans f.1868-1956, g.m. Anne Knutsdr. Saghaugen 1856-1916. Til Ruistugu

Ragnhild Blessomlykkja var gift med Svein Hansen Bolstad f.1850 son til Hans Svendsen Bolstad f.1816 og Imbjørg Knutsdr. Stade n. 1823-1910. Ragnhild og Svein budde i 1881 i Sandbuslykkja, da foreldra i Blessomlykkja døydde i 1901-1903 overtok dei der.

Blessomlykkja gnr. 24 bnr. 12 vart i 1910 frådelt frå nordgard Blessom med skjøte frå Anders I Sandbu til Svend H Blessumløkken for kr 1400. Ragnhild og Svein hadde 3 barn:

Ola 1878-1946. ugift. Til Amerika, kom att til Blessomlykkja i 1936

Hans 1881-1972, Til Minnesota. G.m. Lina Olsdr. Kverhusaugen 1891-1944, g.2.m.

Ragnhild Høystad f.1909

Ymbjør 1884-1974, neste brukar

I 1935 var det skjøte frå arvingane etter Svend og Ragnhild Blessumløkken til medarving Ymbjør Blessumløkken for kr 2000 inkl. lausøyre kr 600.

Hans Syvergard 1912-1994 kjøpte Blessomlykkja i 1951. Hans var son til Ivar Syvergård og Guri Gjeilen. Hans var sambuar med Ymbjørg Brun f.1915 dotter til Ola R Brun og Mari Aasheim.

Systemson til Hans, Reidar Bakken, overtok Blessomlykkja i 1994. Reidar f.1944 er son til Johannes Bakken 1899-1974 og Kari Syvergård f.1909. Reidar vart 1971 gift med Reidun Runningen f.1945 dotter til Per Runningen f.1917 og Else Damstuen f.1920. Reidar og Reidun har 2 barn:

Trond f.1971

Eva f.1974

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953 - 1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Hans Ruistuen, 2019: Blessomlykkjefolket

## Sæta nørdrre – Iva-Sæta

Enkjemannen Jon Jespersen f.ca.1722 d.1808 var i 1801 husmann under nordgard Blessom og truleg på Sæta, dvs. enten på nørdrre Sæta eller på Semon-Sæta. Jon Jespersen vart nemnd i liste for husmannspenger til kyrkja i 1776 til 1781, og i 1782 og 1805 som Jon Sæta. Jon vart også nemnd i kontrakt om den andre plassen under nordgard Blessom i 1786. Jon vart 1757 gift med Gøda Johannesdotter f.ca.1724 d.1798. Truleg hadde dei ikkje barn.

Iver Iversen Sandbu upp. nord 1769-1847 overtok Sandbu i 1802, men selde garden i 1805 til Pål og Rønnaug på nordgard Blessom. Iver var son til Iver Iversen Lunde nig. 1739-1819 og

Kari Knutsdotter Øy 1746-1822. Iver vart 1802 gift med Torø Larsdotter Øy Haugøy f.ca.1773 d.1863 dotter til Lars Johannesen Øy f.ca.1715 d.1802 og Aaste Tjøstolvsdtr. Kleppe s. f.ca.1731 d.1802. Da Iver døydde i 1847 var han husmann på Sæta, og Torø var føderådscone på Sæta da ho døydde i 1863. Iver fekk i 1805 husmannskontrakt utan avgift så lenge han brukte plassen. Iver vart nemnd i liste over husmannspenger i 1806 og 1832-1833. Ved barnefødsel i 1816 var dei på nördre Blessemeige som også kan vera Sæta. Iver og Torø hadde 4 barn:

Kari 1802-1856, g.m. Jon Eriksen Sveeie Svevollen f.1798  
Johannes f.1804  
Lars 1807-1870, neste familie  
Aaste f.1816

Lars vart 1835 gift med Rønnaug Olsdtr. Holen n. f.1807 dotter til Ola Jakobsen Åseng, Heidal f.1770 d.ca.1840 og Torø Toresdtr. Holen f.1776. Lars overtok Holen i 1849 og kom seinare til Holslykkja. Lars og Rønnaug hade 5 barn:

Kari f.1835, g.m. Per Olsen Skultbakken  
Rønnaug f.1837  
Ivar f.1840  
Tora 1843-1903, g.m. Ola Olsen Hostad, Lesja f.1847. Til Bud i Romsdal.  
Guri f.1847, g.m. Jørgen Hansen Kleppen, Bud

Lars vart 1863 gift på nytt med Ragnhild Olsdtr. Øyseige f.1821 dotter til Ola Knutsen Harehaugen, dei hadde 4 barn:

Guri 1856-1856  
Guri f.1861  
Kari f.1864, g.m. Hans Olsen Råstadplassen f.1862  
Guri f.1867

Sæta gnr. 24 bnr. 2 vart 1854 frådelt frå nordgard Blessemeige

I 1865 var Ole Olsen gardbrukar og sjølveigar. Ole Olsen Brustuen f.1831 var son til Ole Pedersen Brustuen 1803-1880. Ole Olsen vart 1854 gift med Barbro Arnesdotter Klones f.1826 dotter til Arne Syversen Klones. Ole og Barbro budde i Brustugu ved barnefødselar til 1863, i 1865 og 1868 var dei på Sæta. Ole og Barbro hade 8 barn:

Ole f.1853  
Anders f.1855  
Amund f.1857  
Peder f.1857  
Anne f.1860  
Hans f.1863  
Guri f.1865  
Thor f.1878

Ole O Lunde overtok i 1870 Sæta frå Ole Olsen Brustuen for 50 spd.

I 1875 ser det ikkje ut til at det budde folk på Sæta.

I 1877 var det skjøte frå Ole O Lunde til Ole Eriksen for 100 spd. Ole E Blessum f.1837 var i 1900 «husbondskar» hjå syskenbarnet Barbro Sandbu upp. nord. I 1900 budde forhenverande gardbrukar Thor E Blessum f.1834 på Sæta saman med systera Rønnaug f.1823. Thor var 1881-1887 eigar av Sandbu upp. nord. Foreldra til Ole, Thor og Rønnaug var Erik Paulsen Blessom n. 1794-1872 og Imbjør Eriksdotter Helle 1799-1877.

I 1910 var det skjøte frå Ole Eriksen Blessum til John Larsen Kleven for kr 2600. John f.1859 var gift med Beret Eriksdotter, Lom f.1859.

I 1927 var det skjøte frå John Larsen Kleven til systersonen Ivar Olsen Kleven 1892-1970 for kr 3000 inkl. lausøyre kr 1000 samt føderåd til verdi kr 500 til John Kleven og hustru Beret Eriksdotter. Iver budde i 1910 og 1920 på Sæta saman med onkelen John og Beret.

Haugrud gnr. 24 bnr. 38 vart frådelt i 1953 med skjøte frå Ivar O Sæta til Torstein Steinstuen.

I 1970 var det heimelsovergang på Sæta gnr. 24 bnr. 2 frå John O Sæta til testamentsarvingar Torstein Steinstuen 1895-1972 og Ymbjørg Steinstuen f.1899.

Sonen Ola T Flaten overtok i 1972 med skjøte på Sæta gnr. 24 bnr. 2 og Haugrud gnr. 24 bnr. 38. Ola hadde også Flaten gnr. 23 bnr. 2 og budde der til han overtok Sæta. Ola Flaten f.1911 vart 1944 gift med Anne Rundhaugen 1920-1995 dotter til Jakob Rundhaugen og Rønnaug Myrum. Ola og Anne hadde sonen Torbjørn f.1945 som var gift med Målfrid Skogheim, Vestre Slidre f.1943, familien budde på Flaten og dei hadde barna Anne Ingebjørg f.1963, Odd Arne f.1964, Elisabeth f.1968, Torbjørg f.1970 og Marit Synnøve f.1972.

Odd Arne Flaten f.1964 overtok Flaten gnr. 23 bnr. 2 og Sæta gnr. 24 bnr. 2 etter besteforeldra i 1993. Han er sambuar med Gro Ellen Steineide, Heidal f.1967 dotter til Arvid Steineide f.1940 og Brita Haugli, Oslo f.1945. Odd Arne og Gro Ellen har 1 barn:

Sindre f.1995

Gardstunet på Sæta er frådelt og har gnr. 24 bnr. 96. Roar Berg f.1984 fekk heimel til dette i 2015. Han er son til Anne Ingebjørg Flaten f.1963 og Pål Berg.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

## Sæta – Semonsæta

Sæta gnr. 24 bnr. 10 er det som Storebrand hadde.

Liste over husmannspenger frå 1776 til 1782 viser at Iver Jonsen Sæta var husmann under nordgard Blessom, dvs. enten på nördre Sæta eller på Semon-Sæta. I 1786 fekk Iver feste på plassen Sæta der han sjølv eig husa og ryfningsarbeidet. Ein Iver Johnsen Sæta f.ca.1748 d.1827 vart nemnd som lægdslem da han døydde.

Ole Hansen f.ca.1748 d.1806 var i 1801 husmann under nordgard Blessom og truleg på Sæta, dvs. enten på nördre Sæta eller på Semon-Sæta. Ole vart nemnd i liste over husmannspenger i 1805. Ole vart 1771 gift med Aase Larsdotter f.ca.1748. Ole og Aase hadde 2 barn:

Hans f.1773

Lars f.1775

Jakob Olsen vart nemnd under nordgard Blessom i liste over husmannspenger i 1806. Om det var på Semon-Sæta er usikkert, men kanskje var han son til Ole Hansen?

Ole Olsen vart nemnd i liste over husmannspenger i 1832-1833. Ole Olsen Blesumeie 1783-1862 vart 1810 gift med Gunhild Thorsdotter Sandbueie 1790-1851 dotter til Tor Semonsen Sandbueie 1760-1816 og Ragnhild Johannesdtr. 1765-1846. Ola og Gunhild hadde 9 barn:

Ola 1810-1883, g.m. Eli Enersdtr. Skurdal 1814-1846, g.2.m. Anne Syversdtr. Lyuenget 1825-1904. Til Skjellmyra og Skjellum.

Jakob f.1813, hadde dottera Gunhild f.1835 med Mari Johannesdtr. Sæta, og sonen Hans f.1847 med Gunild Hansdtr. Blessumeie. Jakob utflytta til Kvernes i 1854

Tord 1815-1893, g.m. Eli Andersdtr. Øvre 1803-1875. Til Øvre.

Johannes f.1817

Åse f.1820

Semon f.1822, neste brukar

Ragnhild f.1825, hadde med Ole Jakobsen Blessumeie dottera Gunild f.1851 som flytta til Fræna i 1871

Gunild 1827-1835

Ymbjør f.1829, g.m. Ole Larsen Jukulen f.1828

Simon Olsen Sæta var i 1865 og 1875 husmann med jord. Simon f.c823 vart 1847 gift med Guri Pedersdotter Sveeie 1827-1904 dotter til Peder Christensen Sveeie. Simon og Guri hadde 8 barn:

Gunild 1848-1914, g.m. enkjemann Johannes Jakobsen Vangen Skjellum 1841-1920

Rønnoug 1849-1912, g.m. Jon Jakobsen Skjellom 1849-1903. Til Øygarden under Haugøy. Rønnaug hadde sonen Simen 1876-1947

Ole 1856-1943, g.m. Anne Amundsdr. Runningen. Til USA 1880. Han hadde med Mari Lundalykkja sonen Anders 1876-1952

Peder 1859-1859



Peder 1860-1863

Peder f.1863, til USA 1882

Gunild f.1866, g.m. Paul Olsen Sandbueie f.1868. Til USA 1892

Ingri f.1870

Sæta gnr. 24 bnr. 10 vart 1908 frådelt frå nordgard Blessom gnr. 24 bnr. 1 med skjøte frå Chr. Horne til Simen Kr. Sæta for kr 1300. Simen Kristoffersen Sæta 1876-1947 var son til Kristoffer Knutsen Stadeløkken og Rønnaug Simensdr. Sæta 1849-1912. Simen vart 1904 gift med Tea Visvollen, Lom 1872-1955 dotter til Jacob Visvolden. I 1920 budde familien på Sæta, men seinare flytta dei til sætra. Simen og Tea hadde 8 barn:

Rønnaug 1897-1992

Jørgen 1904-1959, g.m. Anna Bøye, Skjåk 1905. Til Skjåk

Gunhild 1906-1986, g.m. Anders Myrhaug 1893-1978

Sigurd 1910-1970

Torø f.1912, g.m. Gustav Sørremshaugen 1900-1986

Ingri f.1915

Ragnhild f.1917, g.m. Syver Martinussen 1905-1974

Karen, g.m. Pettersen

Sonen til Jørgen, Trygve Sæta f.1938 overtok Sæta i 1965. Systema Reidun Sæta Opseth f.1941 overtok i 2011.

I 1966 vart Furusætra gnr. 24 bnr. 52 frådelt, dette er det gamle tunet. Dette vart da seld til Trygve Furuseth f.1905. Østlandet Gjensidige bilforsikring overtok i 1973.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

## Sætalykkja

Iver Knutsen f.ca.1798 d.1874 var i 1865 husmann med jord på Sætalykkja. Han var med i liste over husmannspenger i 1832-1833. Iver vart 1823 gift med Anne Larsdotter Aaseng f.ca.1795 d.1877. I 1826 var dei inderstar på Lyeneie. Iver og Anne hadde 3 barn:

Hans f.1822

Anders f.1826

Iver f.1834

I 1875 var Ole Johannessen Ødegaarden Øyseie f.ca.1835 inderst på Sætalykkja under nordgard Blessom, men han leigde litt jord der han hadde både korn og poteter samt at han hadde ku, sau og geit. Ole var son til Johannes Johannesen Sundhagen. Ole vart 1866 gift med Else Paulsdotter Blessumeie Steinstugu f.1843 dotter til Paul Jacobsen Steinstugu f.ca.1820

og Guri Olsdotter f.ca.1821. Ole og Else var inderstar på Øyseie t.o.m. 1873, i 1876 var dei på Sætaløkken. Ole og Else hadde 6 barn:

Paul 1867-1867

Paul 1868-1871

Guri f.1871

Johannes f.1873

Paul f.1876

Else hadde med Ole Olsen Øyseie 1 barn:

Ole f.1863

Ole Hansen Sandneshagen n. f.1850 var son til Hans Hansen Sandneshagen 1822-1851 og Marit Johansdtr. Håkenstadeie f.ca.1824. Ole vart 1870 gift med Guri Johnsdotter Blessumeie Blessomlykkja f.1850 dotter til John Thoresen Blessomlykkja f.1803 og Eli Olsdtr. Kleppeie 1798-1845. Ved barnefødsler var dei inderstar i Blessomlykkja frå 1870 til 1875, men frå 1876 til 1882 var dei husmannsfolk på Sætaløkken. I 1875 budde dei på Randsverk sæter. Dei reiste til USA i 1883 der dei fekk 6 barn til. Ole og Guri hadde i Norge 6 barn:

Anne f.1870

John f.1872

Rønnaug f.1875

Mari f.1876

Hans f.1880

Hans f.1882

I 1887 var Ole Hansen Høiberg husmann på Sætalykkja. Han var gift med Mari Hansdotter Øyhusom, dei kom seinare til Hesthågå ved søre Stade.

Det er uklårt kvar Sætalykkja var, men kanskje var det aust for nedre Sæta på det arealet som vart frådelt til Ekren i 1907.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljinger, kyrkjebøker mm.

## Steinstugu

Barbra Pedersdotter 1794-1867 hadde i 1865 føderåd i Steinstugu. Barbra var frå Karusbakken dotter til Hans Ulsbu 1766-1811 og Anne Karusbakken 1775-1845. Barbra var gift med Jacob Paulsen 1788-1869 som i 1865 vart nemnd som legdslem. Jakob var son til Paul Haugen Mestronnd f.1756 og Marit Haugen 1759-1822. Jakob var med i liste over husmannspenger i 1832-1833. Jakob og Barbra hadde 2 barn:

Paul f.ca.1820, neste brukar

Marit 1826-1893, g.m. Hans Olsen Myrum n. 1828-1914  
Barbro f.ca.1835, ho hadde dottera Barbro Olsdtr. f.ca.1858

Paul Jacobsen f.ca.1820 var i 1865 husmann med jord i Stenstuen. Paul vart 1842 gift med Guri Olsdotter f.ca.1821 dotter til Ole Aslaksen Holen. Paul og Guri hadde 8 barn:

Anne f.1841  
Else f.1843, g.m. Ole Johannessen Øygarden Øyseie f.ca. 1835, til Sætaløkken  
Barbro f.1846  
Marit f.1849  
Guri f.1852  
Jacob f.1855  
Ole f.1857  
Paul f.ca.1860  
Anne f.1863  
Johan f.1868

I 1875 var Ole Hansen Øyhusom 1844-1929 husmann med jord. Ole var son til Hans Øyhusom 1809-1885 og Ragnhild Bakken 1816-1904. Ole var gift med Rønnaug Hansdotter Myrum f.1851, ho var dotter til Marit Jacobsdtr. Steinstugu 1826-1893 og Hans Olsen Myrum n. 1828-1914. Førre brukaren Paul Jacobsen var dermed onkelen til Rønnaug. Ole og Rønnaug hadde 11 barn:

Hans f.1873  
Hans f.1874, til USA  
Ole 1876-1954, g.m. Ingeborg Olsdtr. Trolldalen f.1873. Til Ekren  
Ragnhild f.1879, til Oslo  
Marit 1881-1954, g.m. Johannes Olsen Bakke, Vardal 1877-1939. Til Tessa mølle.  
Mari 1883-1884  
Mari f.1885, til USA  
Jakob f.1887, til Lom  
Arne f.1889, til USA  
Pål 1892-1965, neste brukar  
Torstein f.1895, g.m. Ymbjørg Dalen. Til Flaten.

Pål overtok etter faren i 1921. Pål vart 1922 gift med Kari Kleiven 1893-1925, dei hadde 2 barn:

Marit  
Kari

Eigar 1955-1991 var Jon Synslien 1906-1993 son til Johannes Synslien og Gunnhild Grind. Jon vart 1932 gift med Johanne Bakke f.1910 dotter til Johannes O Bakke og Marit Steinstuen. Førre eigaren Pål Steinstuen var dermed onkelen til Johanne.

Eigar frå 1991 er Terje Kolstad f.1953 son til Karl Kolstad, Skjåk f.1922 og Anne Nygård f.1928. Terje vart 1973 gift med Gro Marit Sletten, Lom f.1955 dotter til Eling Sletten f.1913 og Borghild Husom f.1921. Terje og Gro har 2 barn:

Ann Kristin f.1975

Britt Elin f.1978

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Norske gardsbruk 1953-1997